

Med dyne og pute

Tekst: Arne Moslåtten 2007

Melodi: Jo Asgeir Lie 2007

1. Eb 2. Eb

5 Eb/G Ab Bb 1. Eb 2. Eb

10 Eb Ab Bb Eb

14 Eb/G Ab Bb 1. Eb 2. Eb

2. No dansar skuggane på veggen
i eit leikande lys,
men veit du utanfor på trammen
sit ein bamse og frys.
Han skal vi hente inn i huset,
la han sova på arm.
Du må nok la han få ein klem no,
slik at bamsen blir varm.

Refr.

3. No må dei vaksne telle sauer.
Fire, fem, seks og sju.
Dei må nok telle til dei somnar,
men det treng ikkje du.
Når du legg hovudet på puta,
og let augene att,
så skal du høyra at han bamse
kviskrar stille god natt.

Refr.

Med dyne og pute

Av Arne Moslåttén

No ventar natta med si kvile,
månen blunkar så lur,
og alle kattene går lydlaust
ut på musejakttur.
I gamle eika ut på tunet
sit ein sporv under veng.
Der skal han sita til han somnar
for han har inga seng.

Refr.

Du har seng og kan sova
slik menneska må,
med dyne og pute
og ei nattskjorte på.
Du skal drøyme om blomar
og fuglar og dyr,
og vinden som pustar
over moar og myr.

No dansar skuggane på veggen
i eit leikande lys,
men veit du utanfor på trammen
sit ein bamse og frys.
Han skal vi hente inn i huset,
la han sova på arm.
Du må nok la han få ein klem no,
slik at bamsen blir varm.

Refr.

No må dei vaksne telle sauer.
Fire, fem, seks og sju.
Dei må nok telle til dei somnar,
men det treng ikkje du.
Når du legg hovudet på puta,
og let augene att,
så skal du høyre at han bamse
kviskrar stille god natt.

Refr.